



Byggmester Knut Henanger
Orrhøyflaten 3
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1010 - 15/13241

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

26.06.2015

Merknad til søknad om dispensasjon fra arealformål i kommuneplan (LNF) for oppføring av bustadar på gbnr. 22/52 i Meland kommune

Det vert vist til ovannemnde søknad dagsett 18.2.2015 og vår telefonsamtale av d.d. Samtalen vert i hovudsak referert som følgjer:

Før kommunen kan handsame føreliggjande søknad treng kommunen nærmare opplysningar om det planlagde tiltaket, under dette korleis utbygginga er tenkt gjennomført m.o.t. samla tal på bueiningar, storleiken til bygningane, planlagd utnyttingsgrad, parkeringsdekning pr. eining mv., t.d. gjennom ein illustrerande situasjonsplan med tilhøyrande forklaring.

Etter at søknaden din vart sendt inn til kommunen har kommunestyret vedtatt arealdelen til ein ny kommuneplan (KPA), men kor lova sine overgangsføresegnene likevel seier at din søknad skal handsamast på bakgrunn av planen som gjaldt på det tidspunktet kommunen mottok søknaden.

I ny KPA har den omsøkte eigedomen fått endra arealstatus – frå LNF-område til byggeområde for framtidige bustadar – og kor det i utgangspunktet gjeld eit reguleringsplankrav som vilkår for utbygging. Vedtakinga av den nye kommuneplanen er openbart eit moment som i utgangspunktet kan tale mot at det bør givast dispensasjon i denne saka, men utan at administrasjonen har tatt endelig stilling til søknaden. Eitt alternativ vil difor vere å trekkje føreliggjande søknad, utan kostadar, og i staden søke med heimel i ny kommuneplan. I så fall må du i staden søke om dispensasjon frå reguleringsplankravet i gjeldande KPA, med mindre du meiner at eitt av unntaka frå plankravet i dei nye planføresegnene kan nyttast.

I påvente av din tilbakemelding ventar kommunen òg med å innkalle til førehandskonferanse tilknytt den planlagde vegbygginga over gbnr. gbnr. 22/95, jf. din e-post av 7. dm (arkivsakID 15/1703).

Med venleg helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

